



Geofysisk institutt
Molekylærbiologisk institutt
Matematisk institutt
Institutt for geovitskap
Kjemisk institutt
Institutt for biologi
Institutt for fysikk og teknologi
Institutt for informatikk

Referanse

2016/11130-STB

Dato

18.10.2016

Nemne opp sensor for perioden 01.01.2017 - 31.12.2018

Noverande sensorperiode går ut ved årsskriftet, og nye eksterne sensorar for emne- og mastereksamen skal difor nemnast opp. Dersom sensorane i førre perioden vart nemnt opp for fire år, er perioden fortsatt gjeldande.

Fakultetet ber institutta om å nemne opp sensorar for ein ny 2-års periode, 01.0.2017 – 31.12.2018. Sensorane kan nemnast opp for ein periode opp til 4 år dersom det er ynskjeleg. Jmf. [Studieforskrift ved UiB, 7.3.1. \(2\)](#) . Gjeldande sensorar kan nyttast i ein overgangspane til ny sensor er nemnt opp.

Vi vil også oppmode om at fagmiljø foreslår eit bredt utval av sensorar, slik at vi sikrar eit rimeleg nivå. Sensorane vert nemnt opp for eit fagområde, og en enkelte sensor kan dermed, i prinsipp, nyttast til alle typar eksamenar innanfor det respektive fagområdet.

Ein oversikt over nye sensorar som er nemnt opp kan sendast til Stine Beate Balevik til orientering, sli at ein samla liste over alle eksterne sensorar ved fakultetet, kan være tilgjengeleg.

Retningslinjer – Kven kan nemnast opp til ekstern sensor?

Fakultetet har følgjande føringar:

Ekstern sensor skal nemnast opp av hovudprogramstyarane.

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Det matematisk-naturvitenskaplege
fakultet
Telefon 55582062
post@mnfa.uib.no

Postadresse
Postboks 7803
5020 Bergen

Besøksadresse
Realfagbygget, Allégt. 41
Bergen

Sakshandsamar
Stine Beate Balevik
55588940

Ein ekstern sensor skal ikkje ha noko tilhøyring til UiB. Dette vil sei at vedkomande ikkje skal vere tilsett ved UiB, eler ha ansvar for undervisninga i eit emne ved UiB. Fondsløna personale (til dømes løna frå Bergen Forskingsstifting) og andre løna av eksterne midlar med arbeidsplass ved Universitetet i Bergen, må reknast som tilsett ved UiB. Professor II, er tilsett i delstilling ved UiB, og kan normalt ikkje nemnast opp som sensor.

Tilsette i Uni Research, har ikkje UiB som arbeidsgivar og kan, i prinsippet, vere ekstern sensor. Likevel, dersom dei har tett samarbeid med studentar og undervisninga i eit fagmiljø, bør dei ikkje nemnast opp. Eventuelle forslag til unntak frå denne hovudregelen må fremjast som separat grunngitt forslag.

Som hovudregel: Sensor kan bli sett på som ekstern, når vedkomande har vore ute av fast tilsettingsforhold med UiB i minimum 1 år, og ikkje har delteke i undervisninga i det aktuelle emne sist det vart tilbydd. Døme: emeritus.

Habilitet og forholdet til ekstern sensor og dei ulike partane i ein eksamenssituasjon, må vurderast i heilskap. Dette gjels også til enkeltksamemar.

Dokumentar og rapportar

Brevmal som skal sendast til sensor ved oppnemning, ligg vedlagt. Vi ber institutta om å sende med sensormappe og leggje ved utfyllande eksamensreglar og eventuelle retningslinjer som er vedtatt av instituttet sitt programstyre.

Lenke til retningslinjer for løn av sensur:

<https://cp.compendia.no/universitetet-i-bergen/personalhandbok/69910>

(eventuelt følg stien: Ansatt – arbeidsstøtte for HR – lønn og betingelser – timelønnet undervisning, sensur og bedømmingsutvalg).

Rapportane FS501.001 og FS501.004, skal syne «oppnevnte sensorer» og « sensorhistorikk», men det kan sjå ut til at datakvaliteten i Fs er dårleg.

Instruksjonar på korleis ein opprettar nye fagpersonar i Fs, finn dykk her:

https://wikihost.uib.no/uawiki/index.php/Kursmaterieell_for_vurderingsmodulen#Oppretting_av_fagperson

Venleg helsing

Eli Neshavn Høie
studiesjef

Stine Beate Balevik
seniorkonsulent

Vedlegg

1 Brevmal oppnemning